

## Heksekjøkken

BRANDER  
*til Siebel.*  
Eg står med nasen din i handi!

ALTMAYER

Litt av eit sjokk, eg er heilt stiv i nakken.  
Og beina sviktart, hit med krakken!

FROSCH

Kva tru det var som føregjekk?

SIEBEL

Å, finn eg fyren, skal eg gje han!  
Da får han seg ein farleg smekki!

ALTMAYER

Rett ut av kjellardøra har det med han –  
reid på eit vinfat, borte vekki! – –  
Eg kjenner meg så tung i sessen.

*Vender seg mot bordet.*

Litt vin kan ennå få meg kvessen.

SIEBEL

Juks og bedrag, ballongen sprakk!

FROSCH

Eg tykte tydeleg eg drakk.

BRANDER

Og kva med druene han sende?

ALTMAYER

Kom ikkje her og avskriv unders hende!

*På ein låg eldstad står det ei stor gryte og puttar  
over varmen. I dampen som stig opp, smer det seg  
ymse skapnader. Ei marekjetje sit ved gryta og  
skummar den, og passar på at det ikkje kokar over.  
Marekatten og ungane sit ved sida av og varmer  
seg. Vegger og tak er pryda med det raraste beke-  
imbu.*

*Faust • Mefistofeles*

FAUST

Eg avskyr heile kostebinderiet!  
Du trur visst dette svineriet  
skal få meg til å rette rygg?  
Ei gammal kjerring skulle liksom rå meg?  
Og dette sølet av eit brygg  
ta tretti år av nakken på meg?  
Nei, har du ikkje meir på lur,  
så takk for meg, da er eg ferdig!  
Har ikkje edel ånd og allnatur  
tenkt ut ei boteråd som var meir verdig?

MEFISTOFELLES

Sjå det, omsider ganske kloki!  
Du kan bli yngre også på naturleg måte;  
men det står skrive i ei anna bok,  
og heller komisk vil det låte.

FAUST

Få høyrel!

MEFISTOFELLES

Ja, så klart! Det er ein gratis kur  
som verkar utan trylleorda:  
Dra fluksens ut i Guds natur  
og set i gang og grav i jorda!  
Og rør deg i ein snever kins  
som krev eit minimum av læring, <sup>o</sup>  
la enkel landsens kost bli dagleg næring,  
lev som eir fe blant fe, ver ikkje altfor fin,  
og gjødsle sjølv i åkerfòral!  
Tru meg, det er ein medisn  
som held deg ung langt opp i åral!

FAUST

Men eg har aldri tørt ei spade i min neve;  
nei, såleis kan eg ikkje leve,  
det ville tære opp mi sjel.

MEFISTOFELLES

Det må ei heks til, likevelli!

FAUST

Men slik ein gammal kjeringskrott?  
Den drikken kan vel du òg brygge?

MEFISTOFELLES

Eit tidstfordriv som høyrest flott!  
Men eg har tusen bruer eg skal bygge.  
Langt meir enn kunst og viskap trengst,  
med tid og tolnod kjem ein lengst.  
Stilt øver ånd sitt årelange yrke,

men tida gjev den svake gjæring styrke.

Og flotte saker, smått og stort,

er alt som høyrer til i faget!

Rært nok har fanden lært det bort,

men brygget kan han ikkje lage.

*Ser på dyra.*

Nei, sjå det snertne parer der!

Ho der er taus! Og dreng han her!

*Til dyra.*

Men kvar er matmor sjølv, for resten?

DYRA

På festen!

Ur ho fauk

så skorsteinen rauk!

MEFISTOFELLES

Aha! På vift! Men heile kvelden?

DYRA

Så lenge vi varmer potene ved elden.

MEFISTOFELLES

*til Faust.*

Du har visst sans for apekattar?

FAUST

Det verste avskum nokon skulle sjå!

MEFISTOFELLES

Den diskusjon dei fører nå,  
er just den sorten eg for min del skattar!



*Til dyra.*

Høyr her, fordømte vesle snuppe:  
kva miks maks er det du driv med?

MAREKJETTA

Vi kokar utspedd tiggarsuppe.

MEHISTOFELLES

Ein sikker publikums-suksess!

MAREKATTEN

*ryker nærare og smiskar for Mehfistofelers.*

Kast reiningen inn,  
sørg for at eg vinn,  
så skal vi nok feste!  
Står saken tyn,  
vil klingande mynt  
få skikk på det meste!

MEHISTOFELLES

Så glad den apekartten ville bli  
om han fekk sarse i eir lotteri!

*I mellomtida har marekattungane leika med  
ei stor glaskule som dei nå trillar fram.*

MAREKATTEN

Sjå her, ei verd  
på evig ferd,  
som svis ubendig.  
Den kling som glas,  
går snart i knas,

er hol innvendig.  
Det blussar her,  
det blinkar der:  
«Eg lever stendig!» –  
Min son, du rekk  
å rømme vekk  
før alt forgår  
og verda sprekk  
i tusen skår!

MEHISTOFELLES

Kva skal eit såld?

MAREKATTEN

*tar det med frø neggem.*  
Kjem tjuv og troll,  
så ser eg det på flekken.

*Sprung bort til maken og let henne sjå gjennom såldet.*

Sjå gjennom her!  
Du ser tjuven der  
og blir stum av skrekken?

MEHISTOFELLES

*går bort til elden.*  
Og denne kjel?

MAREKATT OG KJETTTE

Han ser ikkje skil  
på gryte og kjel,  
har augo i nakken!

MEFISTOFELLES  
Nå går det for vidt!

MAREKATTEN  
Ta treskafter mitt  
og set deg på krakken!

*Han nøyder Mefistofeles til å setje seg, og gjev han  
ein kost.*

FAUST  
*som beile tida har stått og sett i ein spegel,  
smart like ved, smart på avstand.*  
Ein tryllespegel! Himmelsyn!  
Å, elsklug, lån meg dine venger,  
og før meg fort av stad til hennar blomenger!  
Mitt sinn er råka av eit lyn!  
Det fagraste billete av ei kvinne!  
Men om eg vågar meg for nær  
og ikkje held meg litt på avstand her,  
vil alt bli dimt og sakte svinne.  
Reint overjordisk kvinna er!  
Gjekk alle himlar saman om å finne  
den lekamen som kviler der?  
Slikt finst på denne jord, fullt ferdig?

MEFISTOFELLES  
Når først ein gud seks dagar slit så jamt og trutt  
og ropar Bravo sjølv til slutt,  
må resultatet bli rosverdig!  
Så sjå deg mett, du, for i kveld!  
Eg skal nok spore opp ein skart som denne,  
og sæl er han som har det hell  
å gå i ekteseng med henne!

*Faust står stadig og ser i spegelen.  
Mefistofeles strekker seg på setet og leikar  
med kosten mens han talar vidare.*

Her sit eg som ein konge på mi trone:  
eit scepter har eg her, men ennå inga krone.

DYRA  
*har beile tida gjort underlege byks og fakter  
om ein annan, og kjem nå berande på ei krone til  
Mefistofeles, under skrik og skrål.*

Med sveitte og blod  
får du versågod  
ta krona og lime!

*Dei er uvordne i si bandtering av krona og bryt ho  
i to delar, som dei svinar omkring med.*

Så hende det nå!  
Vi kan tale og sjå,  
vi kan høyre og time -

FAUST  
*vend mot spegelen.*  
Eg går frå sans og samling straks!

MEFISTOFELLES  
*peikar på dyra.*  
Sjølv eg blir nesten ør av dette røret!

DYRA  
Og har vi litt flaks,  
og gjer oss til lags,  
vil tanken forføre!



FAUST  
som før.

Mitt hjarta byrjar alt å brennel!  
Kom, la oss dra, og det litt for!

MEFISTOFELLES  
i same stilling.

Vi får i alle fall erkjenne  
at poesien er av rette sort!

*Marekjetta bar ikkje sett etter gryta,  
som nå kokar over. Ein stor flamme spring fram  
og slår opp i pipa. Heksa kjem farande gjennom  
flammen med eit følsleg skrik.*

HEKSA

Fy fanken for styr!  
Fordømte fel! Fordømte dyr!  
Gjev blankt i gryta, let mamor ta fyr!  
Fordømte fel!

*Får anga på Faust og Mefistofeles.*

Men kva er dét?  
Kven er dei der?  
Kva vil dei her?  
Sneik seg forbi?  
Dei skal få svi  
Å tvil! Å tvil!

*Ho stikk skamsleiva i gryta og skvettar flammer  
bortover mot Faust, Mefistofeles og dyra.  
Dyra kunbar.*

MEFISTOFELLES  
*smur kosen barn bar i banda, og slår med skaffet  
mellom koppar og kar.*

I knasi! I knasi!  
Der ligg ditt glasi!  
Der ligg din grauti!  
Men berre spas:  
Ein takt, ditt naut,  
til alt ditt raut!

*Heksa rygger tilbake, rasande og vettstenent.*

Du kjenner da vel meg, ditt hespetrel!  
Din herre og din meister kallar!  
Eg knuser deg til pinneved,  
så pass deg, du med dine apeskallar!  
Mi røde kofte vil bli respektert,  
og hanefjæra bør du saktens kjenne.  
Eg er jo ikkje just maskerti!  
Du vil ha namnet mitt, kan hende?

HEKSA

Å, tilgje at eg var så grov!  
Men eg ser ingen hestehov!  
Og kva har hendt med ramneparer?

MEFISTOFELLES

For denne gongen slepp du lett;  
det er så lenge sidan du har sett  
mitt blide åsyn, dét er svarer.  
I ein kultur som slikkar allting glatt,  
blir jamvel Fandens oppsyn flatti!  
Det nordiske fantom får ingen meir i tale.

Kvar ser du klauver, horn og hale?  
Det ville faktisk gje meg dårleg renommé  
om eg gjekk rundt med hinkefoten.  
Som mang ein ungkar har eg polster om mitt kne.  
Så her er mann som følgjer moten!

HEKSA  
*dansar.*

Når junker Satan dukkar opp,  
da blir det hoppstal i ein gammal kropp!

MEFISTOFEL'S  
Eg må forby det namnet! Stopp!

HEKSA  
Kva gale har han gjort Dykk, mann?

MEFISTOFEL'S  
Han er for lengst blitt evenyr og saga.  
Men dette hjelper ikkje folk det grunn:  
den vonde er dei kvitt, det vonde er liv laga.  
Nei, kall meg Herr Baron, den titelen er god!  
Eg er ein riddarsmann som andre kavalerar.  
Du tvilar ikkje på mitt blåe blod?  
Sjå her: mitt skjold! Ein dristig våpenberar!  
*Han gjer ei nansstendig geberde.*

HEKSA  
*gapskrattar.*

Hal! Hal! Ja, det var guten sin!  
Den same gamle skøyartanten mini!

MEFISTOFEL'S  
*til Faust.*  
Den kunst å takle hekser, venn,  
lyr du òg lære, smått om senni!

HEKSA  
Tar herrane ein liten tår?

MEFISTOFEL'S  
Ja takk, eit glas av di berømte saft!  
Men la oss få ein gammal årgang,  
da har den nemleg dobbel kraft!

HEKSA  
Her er ei flaske edel cider,  
eg pimpar sjølv til sine tider.  
Det luktar ikkje pyron nå;  
eg rører litt med sopolimen. *Lågt.*  
Men drikk den herren der før eg får plusse på,  
da veit De godt at han vil vere død på timen.

MEFISTOFEL'S  
Det er ein venn av meg, han treng eit heksebrygg;  
eg unner han di aller beste vare.  
Rit opp din ring, les formularet,  
skjenk koppen full, og ver du trygg!

*Heksa gjer all slags underlege faktar, teienar ein  
sirkel på gohøet og legg dei rnarate ting inn i ringen.  
Samtidig byrjar glasa å klirre og gryta å klinge, ein  
skingrande musikk. Til slutt brennar ho ei svær bok,  
og plasserer marekattene inne i ringen; dei må  
både vere lesepukt og balde fakkelen for henne. Ho  
vinkar Faust til seg.*



FAUST  
*til Mefistofeles.*

Men kjære vene, kva er dette?  
Alt dette våset, desse ville vette,  
det lureri dei lokkar med,  
eg kjenner det, eg hatar det!

MEFISTOFELLES

Litt ablegøyer med på vegen!  
Du er så streng, så... terreftin!  
Eit hokuspokus rett frå hekse-legen  
får furr og fart på den slags medisini!

*Han nøyder Faust inn i ringen.*

HEKSA

*tar til å deklamere frå boka med fjund og klem.*

Gjer ein til ti,  
slepp to forbi,  
la tre gå slik,  
så blir du riki!  
Få fire bort,  
så er det gjort!  
Høyr på ei heks:  
Blir fem og seks  
til sju og ått',  
er målet nåtti!  
Og ni er tull,  
og ti er null.  
Det er min hekse-gange-sulli!

FAUST

Eg høyrer gamla fantaserer.

MEFISTOFELLES

Det tar si tid når ho siterer,  
eg kan den boka ut og inn!  
Der har eg ofra både tid og tårer;  
for dette reine tankespinn  
er like løyndomfullt for kløke som for dårer.  
Min venn, den kunsten varer ved.  
Det gjeld å by ei passe blanding  
av tre og ein og ein og tre  
og gje det ut for gudsens sanning.  
Silk driv dei uforsyrra på  
og leksar opp og lirer av seg.  
Den strauum av ord ein høyrer, vil ein helst forstå,  
og mange måtte gruble lenge før dei gav seg.

HEKSA

*held fram.*

I viskaps brunn  
du drikk deg sunn,  
ei kjelde løyrt for verda!  
Så send på dør  
di tankebør;  
få livskraft med på ferda!

FAUST

Ho berre mullar tomme ord!  
Eg blir heilt matt i alle lemmer.  
Det durar som eit talekor  
av hundre tusen narrestemmer.

MEFISTOFELLES

Nå er det nok, veltralande sibylle!  
Nå kan du forre deg og fylle  
di saft i skåla her så det forstår!

For dette er eit brygg som ikkje skader  
ein mann som har så mange grader  
og sjeldan nekta seg ein tår.

*Heksa skjember drinken i ei lita skål, med mykje om  
og men. Med det same Faust set skalla for munnen,  
slår den ut i flamme.*

MEHISTOFELLES

Så, få det i deg! Tøm ditt krus!  
Du skal ikkje bli gjort til skamme!  
Med Fanden kan du drikke dus,  
men du blir redd ein liten flamme?

*Heksa løyer opp ringen. Faust stig fram.*

MEHISTOFELLES

Og nå av stadi! Ta beina fart!

HEKSA

Og måtte denne slurken smake!

MEHISTOFELLES

*til hekka*

Sei frå til meg, du, i Walpurgisnatt,  
så gjer eg deg ei teneste tilbake!

HEKSA

Her er ei visel! Når De syng eit vers,  
har det ein verknad inga makt kan dølje.

MEHISTOFELLES

*til Faust.*

Få farten opp, om du vil følgje!  
Det første blir ei hetybølge,  
så all din indre motstand må til pers.

Eit kurs i ledigang kjem som det neste,  
og ganske snart opplever du det aller beste:  
at Amor rører seg og spring på kryss og tvers.

FAUST

La meg få sjå i spegelen som snarast!  
Den kvinna var så yndeleg!

MEHISTOFELLES

Nei! Nei! Snart ser du Draumekvinna klarast,  
lys levande, midt framfor deg. *Lågt.*  
Den drinken får deg til å falle:  
Du ser ei Helena i alle!



## Gate

*Faust · Margarete går forbi.*

FAUST

Skjønn frøken, ute og spaserer?  
Har De noko imot at eg eskorterer?

MARGARETE

Er verken frøken eller skjønn,  
kan sjølv finne vegen til mi dør.  
*Ho riv seg laus og går sin veg.*

FAUST

Å Gud, den jenta var vel skjønn!  
Har aldri sett så vakkert før!  
Litt nasevis, det var ho òg.  
Eg er heilt trylt av det eg såg;  
så skjært eit kinn, så rød ein munn,  
så tekkeleg og kjernesunn!  
Og blitket slo ho blygsamt ned,  
gjekk rett til hjarta, berre det.  
Og svaret kom så fort og lett,  
ja, eg er hugtatt, rett og slett!

MEHISTOFELLES

*daukar opp.*

FAUST

Den jenta vil eg ha i garnet!

MEHISTOFELLES

Kven da?

FAUST

Nett nå gjekk ho forbi.

MEHISTOFELLES

Ho kom frå skrifte, arme barnet,  
og presten messa henne fri.  
Eg sneik meg innpå, rundt forbi:  
Ho er eit skuldlaust lite kre,  
har ingen syndar å skilte med,  
og står utanfor maktkrinsen vår!

FAUST

Ho er da over fjorten år. . .

MEHISTOFELLES

Du snakkar som ein Don Juan!  
Kvar blome han ser, er berre for hani!  
Han trur visst at all verdens dygd  
og glans er til for eiga frygd.  
Det får da vere måte på!

FAUST

Herr Heidersmann, forsiktig nå!  
Kom ikkje her og legg ut om lover!  
Eg seier berre klart ifrå:  
i natt forlangar eg å få  
den ljuve møy i seng og strål!  
Viss ikkje, skilt vi før natta er over!

MEHISTOFELLES

De ser dei hindringar som finst.

Eg må ha fjorten dagar, minst,  
berre for å sondere terrenget.

FAUST

Fekk *eg* sju timar arbeidsro,  
da skulle eg forføre ho,  
og ingen djevel vil eg trenge!

MEFISTOFELLES

De talar snart som franske menn!  
Men det er *ein* ting De bør vite:  
ei lertkjøpt nyting seier lite.  
For inga glede er som den  
De oppnår ved å drive på  
med alskens dilldall til og frå,  
til lammekjøret blir passe møyrt,  
seier romerske soger, har eg høyrte.

FAUST

Min appetitt går rett på sak.

MEFISTOFELLES

Vel, spøk til side, smak er smak!  
Med vesla kjem De ingen veg  
om De vil ta med storm, tru meg!  
Nei, her må vi ta innersvingen  
med list og lømpe, det er tingen.

FAUST

Ein amulett er alt eg treng!  
Før meg til englebarnets seng!  
Skaff meg ein halsduk frå hennar bryst,  
eit strømpband til elskhugsløyst!

MEFISTOFELLES  
Skal bli! Og temmeleg raske leverte!  
Ved sjølvsyn får De konstateret  
kor effektivt eg kan avhjelpe jammer:  
I kveld står herren i jomfrukammer!

FAUST

Og famner henne?

MEFISTOFELLES

Langtifal!  
Ho skal til grannekona nå.  
I mellomtida kan De gå  
og snuse rundt, med sug i magen  
og sæle håp for morgondagen.

FAUST

Da dreg vi dit?

MEFISTOFELLES

Vi må drøye litt.

FAUST

Ei vakker gåve er første skritt! *Ut.*

MEFISTOFELLES

Presang alt nå? Så flott! Da vil han gjere lykke!  
Eg veit om mangt eit ly og le  
der mang ein skatt er graven ned;  
eg finn vel eit og anna smykke. *Ut.*



## Kveld

*Eit lite rom, reint og ryddig.*

MARGARETE

*Flettar håret og set det opp.*

Så straseleg ein framandkar!

Sku' likt å vite kven han var.

Så høvisk som han helsa meg,  
skal vedde han er adeleg,

det låg jo utanpå heile mannen –

Ein fornem herre, ein pryd for stranden.  
*Ut.*

*Mefistofeles · Faust.*

MEFISTOFELLES

Kom! Du må liste deg på tål!

FAUST

*ventar ei stund før han svarar.*

La meg få bli aleine nå!

MEFISTOFELLES

*fer og svarar.*

Hm! Reint og fint i kvar ei krå. *Ut.*

FAUST

*ser opp, og så runder i rommet.*

Velkomen, sæle skyminngsskin  
som signar lik ein heilag dåp!

Å, ljuve kjærleikskval, fyll hugen min,  
kom og hugsval meg med di dogg av håp!  
Her andar alt av stille lengsel,  
det skin av trivsel, dette rom!  
Å, sæle frygd i dette fengsel!

Å, fullnad midt i denne fattigdom!

*Han set seg i ein djup skinn stol ved senga.*

Å, gje meg ly, du som så bløtt og blidt

har tart ei slekt på fanger her i stoval!

Ved denne fedretrone har nok tidt

ein barneskare sprunge rundt og snåval!

Har også *ho* stått her med fletteband,

og takka bestefar for julegåva,

med mjuke lipper mot ei rynket hand?

Ditt vesen gjennomstrøymar meg,

ljuv møy, her er det *deg* eg møter,

din ordenssans og dine lette streg

når du legg duk på bordet, mildt og moderleg,

så sanden kroar seg for dine føter.

Di gode hand! Så gudeliki!

Du gjer ei hytte til eit himmeriki!

Og her! *Han løfter sengeforbenget.*

Det rys i meg, så sælt det er!

Eg kunne stå her i all æve!

Natur, du fekk eit englebarnd å svæve,

du forma det i lyse draumar her!

Og blussande av liv og glede

låg vestlejenta her og sov,

og sjela vov sitt guddomsklede

i pakt med livsens høge lov!

Og du da, Faust? Kva ville du?

Og kvifor blir du hugtung, tru?

Ein framand Faust! Men kva har førr din for?

Nå kjenner eg meg rørt i hjarteroti!  
Det er visst trylleduft eg andar inn?  
Eg ville sleppe alle taumar,  
men svinnra bort i linne kjærleiksdraumar!  
Er eg ein kasteball for vør og vind?  
Og stig ho inn i denne stund,  
da er det dette nidingsverk eg bøter:  
eg ligg der som ein lien hund  
og lograr snilt for hennar føter!

MERISTOFELLES

Eg ser ho kjem! Vi må forsvinne!

FAUST

Og reise bort for godt! Langt bort!

MERISTOFELLES

Her er eit skrin, sånn passe stort,  
eg tok det der der var å finne.  
Plassér det i den kista der!  
Ho dånar, ja, det kan eg love!  
Litt dingeldangel har eg her,  
meint for ein annan jomfru-kove!  
Men barn er barn, og leik er leik!

FAUST

Eg tvilar -

MERISTOFELLES

Preik og atter preik!  
De vil ha skatten sjølv, må vi re?  
Da gjev eg Grev Frivold det råd  
å ikkje øyde tid og dåd,  
samt spare meg for dette sliter.

La pipa få ein annan låt!  
Her vrid eg hender, står på pinne.  
*Hann set skrinet ned i kista og smekker låsen i att.*  
- Kom, vi må gå! -  
så herren endeleg skal få  
sin vilje med ei purtung kvinne,  
og De blir stum  
som gjekk De til eit auditorium,  
og såg to gjenferd stå der, grå av støv:  
Fysikk og Metafysisk tøv!  
Kom nå! Ut.

MARGARETTE

*kjem inn med ein lampe.*

Det er så tungt og lummert her,  
*Ho opnar glasset.*  
og så varmt er det da ikkje i natt.  
Eg blir så -, veit kje kva det er -  
Om berre mor var heime art!  
Eg frys nedover ryggen, hjarta slår -  
Mi dumme jente her eg står!

*Ho kler av seg og byrjar å synge.*

Det var ein konge i Thule,  
så trufast liver ut.  
Eit beger av skire gullet  
var dyraste eignelut.

Det var den siste gåve  
frå ho som gjekk i grav.  
Og auga det fløynde over  
kvar gong han drakk derav.



Da kongen måtte vandre,  
han talde opp by og land,  
gav frå seg alt til andre,  
stod att med beger i hand.

Sin riddarflokk han kalla  
til slottet der ved hav.  
I høge fedrehalla  
eit kongegilde han gav.

Der stod den gamle jeger,  
drakk livsens siste rus,  
og kasta det heilage beger  
i havsens bølgebрус.

Han såg det falle, drikke  
og søkke i same stund.  
Da brast det, kongeblikket,  
og aldri meir drakk hans munn.

*Ho opnar kista for å legge kleddu på plass,  
og oppdagar smykkeeskjinet.*

Eit skrin! Og det er kome hit i kveld!  
Eg låste jo – og likevel...

Men å! så nydeleg! Kva mon det inneheld?  
Har nokon gjeve det til mor  
som pant å låne pengar på?

Der heng ein nøkkel i ei snor,  
eg trur eg opnar her og nå!  
Å, himmel! Kva er dette? Sjå!

Så vakre smykke! Har du sett så flott?  
Med den slags kan ei adelsdame gå  
til helg og høgtid, på eit slott.

Vil eg kle kjedet like godt?

*Ho pyntar seg med smykket og går bort til spegelen.*

Kven er det sitt, alt dette fine?

Gjev øyredobbane var minel!

Nå ser eg ganske annleis ut.

Å vere ung er vel og bra,

men venleik snauvt nok verdt å ha

når alt går opp i strev og sut.

Folks lovord er pur forbarming.

Til gull dei treng,

ved gull dei heng!

Og her sit eg, min arming!

## Spasertur

*Faust går fram og tilbake i djupe tankar.  
Mefistofeles går bort til han.*

MEFISTOFELLES

I heitaste helvete! Ved all kjærleik som går til grunne!  
Eg ville tatt verre bannord i munnen, så sant eg kunne!

FAUST

Men for eit andlet du set opp!  
Kva i all verda er det som går av deg?

MEFISTOFELLES

Eg skulle gladeleg bedt pokker ta meg,  
om ikkje eg var same kropp!

FAUST

Det må ha klikka, slik du ter deg!  
Men eg skal vedgå: raseriet kler deg!

MEFISTOFELLES

Kva byd De meg? Før sogva var forfalt,  
kom presten og strakk av med alt!  
Da jenta viser smykseskrinet,  
kiem mora i ei kättepine:  
Den dama har litt av ein luktesans,  
snusar i bønneboka utan stans,  
kjenner lusa på gangen, ser tingen an  
og veit om den er heilag eller profan.  
Ho kjenner det på lukta, så klart,  
at stasen er av tvilsam art.

«Barnet mitt», hylte ho, «tjuvegods  
legg snarer for sjela, riv deg til blods.  
Vi må vie det til Guds moder,  
så gler ho oss med himmelske goder!»  
Gretchen var temmeleg flat der ho stod;  
eg felk det gjevande, tenkte ho,  
og ein som har så gjev mild sjel,  
er sikkert from og vil meg vel.  
Men mor felk ein prestemann på besøk,  
og han tok fort vår vesle spøk.  
«Det er det rette sinnelaget»,  
sa han og saumfór gull og sølv.  
«Den vinn som overvinn seg sjølv.  
Vår Kyrkje har ein framifrå mage,  
ho jafsar i seg land og rike,  
og kastar aldri opp att slike.  
Ja, Kyrkja, frue, fordøyer særleg  
all eige som er vunnen uærleg.»

FAUST

Det der er vanleg stikk og bruk;  
ågerkar, konge, – same sluk.

MEFISTOFELLES

Han snappa kjede, armband, ring,  
mest som ein slikk og ingenting,  
takka sånn passe før han gjekk,  
som var det nøtter fyren fekk.  
Han lova dei lønn i himlen ein gong –  
dei syntest dei høyrde englesong!

FAUST

Og Gretchen?



## Huset til nabokona

MEHISTOFELLES

Sit mest aldri still,  
veit knapt nok kva ho skal og vil,  
ser smykka for seg dag og natt,  
og han som kom med silk ein skart.

FAUST

Ho har det vondt, det var da synd.  
Den første gåva var litt tynn,  
du får ha nye ting parat!

MEHISTOFELLES

Min herre trur visst alt er barnemat!

FAUST

Og gjer den herren din til lags!  
Legg an på grannekona straks!  
Ein slappfisk vil eg ikkje sjål!  
Skaff nye smykke på flekken! Nå!

MEHISTOFELLES

Ja, værde herre, hjartans gjerne!

*Faust går.*

MEHISTOFELLES

Forelska nart! Han sprenger glatt  
i lufta måne, sol og stjerner,  
om det kan kvikke opp hans kjære skart! *Ut.*

MARTHE

*alene.*

Gud forlate min kjære mann,  
men det var ikkje snilt av han!  
Legg på vandring ut i det blå,  
mens eg ligg art i seng og strå.  
Visst aldri sorg og sut eg gav han,  
for Gud skal vire eg heldt av han!

*Ho gråt.*

Å, tenk om han er død av pest!  
Hadde eg berre ein dødsattest!

*Margarete kjem inn.*

MARGARETE

Fru Marthe!

MARTHE

Barn, kva er det nå?

MARGARETE

Det kjennest mest som knea sviktar!  
Og du trur sikkert at eg diktar:  
Eit skrin av ibenholt! Ja, sjål!  
Med nye ting som gjer meg fjong,  
langt finare enn første gong!

MARTHE

Men la nå ikkje mor di sjå det!  
Ho ville straks la presten få det!

MARGARETE  
Nei, sjå, fru Marthe! Å, sjå heri!

MARTHE  
*pyntar henne med smykke.*

Din heldiggrisi! Så fin du er!

MARGARETE  
Eg tør aldri å gå med desse  
ute på byen eller til messe.

MARTHE  
Så får du gjere det til regel  
å kome hit og pynte deg!  
Og spankulere att og fram, forbi min spegel:  
så kosar vi oss, du og eg!  
Eit høve blir det nok, eit gjestebod,  
der folk så smått får sjå eit smykke eller to:  
eit kjede først, og så ein øyreting –  
Og mor di lurar vi, ho merkar ingen ting!

MARGARETE  
To skrint! Har einkvan gjort det for å skremme?  
Eg får det ikkje til å stemme! *Det bankar på.*  
Å Gud! Om mor skulle kome nå!

MARTHE  
*kikker gjennom forhenget.*  
Ein framand herremann! – Stig på!  
*Mefstofeles kjem inn.*

MEFSTOFELLES  
Eg er så fri å ta meg til rette,

om damene vil orsake dette.  
*Tres med vørnad tilbake for Margarete.*  
Eg søker fru Marthe Schwerdtlein, berre!

MARTHE  
Ja, det er meg! Kva vil min herre?

MEFSTOFELLES  
*til Marthe, lågt.*  
Eg veit kvar De bur, kven De er, det rekk.  
Men tilgje meg at eg var så frekk!  
Med fornemt besøk står alt på ende;  
litt utpå kvelden kjem eg atrende.

MARTHE  
*bøgt.*  
I alle dagar! Den var god!  
Han trur du er av edelt blod!

MARGARETE  
Så snilt av han! Så hyggeleg!  
Eg er ei fattig jente, eg,  
og stasen eig eg ikkje sjølv.

MEFSTOFELLES  
Å, det er meir enn gull og sølv!  
De har eit bilkk, De verkar stolt og fri! –  
Det gler meg stort at eg får bli!

MARTHE  
De kjem med bod? Nå er eg spent –  
MEFSTOFELLES  
Med lite lysteleg bod er eg sendt.



Men last meg ikkje, eg svarar ærleg:  
Husbond er død og helsar kjærleg.

MARTHE

Det gode mennesket? Gått bort?  
Min husbond død? Kva har eg gjort?

MARGARETE

Å, kjære Marthe, ikkje gråt!

MEFISTOFELLES

Ja, søga har ein traurig låt!

MARGARETE

Slik kjærleik tør eg aldri kjenne,  
ville døy av sorg den dag det tok ende.

MEFISTOFELLES

I lykke er gråt, i gråten smilet!

MARTHE

Fortell! Kvar stansar alle spor?

MEFISTOFELLES

Vi bar han til den siste kvile  
i Padua, i innvigd jord,  
ved kyrkja Sant' Antonio.  
Der ligg han nå i evig ro.

MARTHE

Kva har De med, utover dette?

MEFISTOFELLES

Ei bøn frå han De hadde kjær:  
bestill tre hundre messer, så hans sjel kan lette!  
For øvrig står eg tomhendt her.

MARTHE

Kva? Ingen minne å ta fram?  
Kvar handverksvein har gøynt eitkvart i skreppa si,  
og det får ingen kloa i;  
før vil han gå med tiggarsaven!

MEFISTOFELLES

Det gjer meg hjartans vondt, Madam!  
han var så visst ikkje den store svirepaven,  
men angra sine mistak bitterleg,  
og gret ved ranken på sin lagnadstunge veg.

MARGARETE

At folk skal gå omkring og lide slik!  
Eg vil be mange bønner for den strakkars mannen.

MEFISTOFELLES

De burde straks gå inn i ektestanden,  
De er så søt og gåverlik!

MARGARETE

Å nei, det er for tidleg enn!

MEFISTOFELLES

Ein elsker kan De saktens ta, ein venn!  
For himmelen synest aller nærast  
når du kan famne om ein kjærast.

MARGARETE

Det er kje stikken her til lands.

MEFISTOFELLES

Skikk eller ei! Folk er på styr!

MARTHE

Få høyre meir!

MEFISTOFELLES

Eg stod ved sjukeleier hans,  
han låg og vreid seg, stakkars fyr,  
i roten halm, men døydde som ei kristensjel,  
og måtte vedgå at han angra seg i hel:  
«Meg sjølv og ingen annan må eg hate,  
mitt handverk og mitt viv har eg forlatet!  
Å, berre tanken knuser meg!  
Men vil ho tilgje meg alt dette leie? —»

MARTHE

Min kjære mann! Eg tilgav allereie!

MEFISTOFELLES

«Men ho har sjølv – ved Gud! – meir skuld enn eg!»

MARTHE

Han lyg! Tenk, lyge før han skal i kiste!

MEFISTOFELLES

Han fantasette verre, på sitt siste,  
så vidt eg kunne sjå det an.

Han mumla: «Aldri fred å få; eg måtte streve,  
først barn, så brød, det galdt å overleve, –  
ja, brød i vidaste forstand.

Min eigen matbir fekk eg knapt nok lov å nyte.»

MARTHE

Han har visst gløymt alt det eg gav i byre,  
alt slit, all kjærleik, dag og natt!

MEFISTOFELLES

Å nei! Han tenkte på sin hjartans skart!  
Han sa: «Da vi drog ut frå Maltras hann,  
var viv og barn i mine inste bønner.  
Og svaret kom; Guds himmel løner:  
Vi overfall eit skip med tyrkisk namn,  
som førte storsuldanens skattekister:  
Min eigen innsats var da sånn  
at eg kom med på ymse æreslister  
og fekk min rikelege monn.»

MARTHE

Og grov det ned, langt bortom berg og tindar?

MEFISTOFELLES

Den skatten er nok spreidd for alle vindar!  
Ei yndig dame plukka fyren opp  
i Napoli, der han gjekk rundt i svime:  
Ho degga og ho dulla med hans kropp,  
så det sat i han heilt til siste time.

MARTHE

Den slampent! La sitt avkom lide!  
Og aldri greidde svolt og nød  
å stogge denne skjemdarferd i tide!

MEFISTOFELLES

Til gjengjeld er han altså dødi!



Om eg sat her med enkenamnet,  
da sørjde eg eit sedtsamt år,  
alt mens eg var på utkikk etter ein ny å famne.

MARTHE

Å Gud! Nei, aldri om eg får  
ein mann som han i huset andre gongen!  
Ein dåsemikkel, men alltid snill og bra.  
Han hadde berre denne utferdstrongen,  
for kvinner og vin, det måtte han ha,  
og det fordømte terningspell!

MERISTOFELLES

Nå, alt det der var såre vel  
om han var like tolerant  
mot frua sine sidesprangi!  
På slike vilkår kan sjølv eg  
ta Dykk til alters; tru De meg!

MARTHE

Gjer herren narr av stakkars Marthe?

MERISTOFELLES

*for seg sjølv.*

Oj! Best eg kjem meg herifrål!  
Ho der tar Fanden sjølv på order nå!  
*Til Gretchen.*  
Og De, da? Kva med Dykkar hjarte?

MARGARETE

Kva meiner De med det?

MERISTOFELLES  
*for seg sjølv.*  
Uskuldig, ganske vissst! *Høgt.*  
Adjø med dykki!

MARGARETE

Far vel!

MARTHE

Ein liten ting til sist –  
Eg ønskjer meg, i all mi avmakt,  
eit dokument på at min mann er død og gravlagt!  
Eg likar orden, alt må vere riktig,  
ei dødsannonse er uhyre viktig.

MERISTOFELLES

Ja, frue, der to vitne har fortalt,  
er gyldig sanning over alt.  
Min kamerat, han er alltid på pletten.  
han stiller gladeleg opp i retten.  
Eg tar han med meg hit!

MARTHE

Å ja!

MERISTOFELLES

Den fine frøkna er her da? –  
Ein heidersmann! Og verdensvanti!  
Mor damene er han så galant!

MARGARETE

Da skjemmest eg, og blir rød i kinneti!

MEFISTOFELLES

Nei, om så kongen stod her inne!

MARTHE

Vi ventar herrane i hagen  
når det lid litt lenger utpå dagen.

Gate

*Faust • Mefistofeles*

FAUST

Nå? Gjekk det bra? Du hadde hell?

MEFISTOFELLES

Hurral! De er visst fyr og flamme?

Om ikkje lenge er De framme!

De møter Gretchen hos fru Marthe alt i kveld:

Ei kjerring av det rette slaget,

ho er som skapt for koplar-faget!

FAUST

Så fint!

MEFISTOFELLES

Vi må kvitere – uforfærd.

FAUST

Ei tenest er den andre verd.

MEFISTOFELLES

Vi stiller opp og sver med alvorstemmer

at ektemannen la ned liv og lemmer

i byen Padua, i innvigd jord.

FAUST

Jo takk! Da må vi reise dit, eg veit for lite!



MEHISTOFELLES

*Sancta simplicitas!* Her er det snakk om ord,  
da spørst det ikkje om å vite!

FAUST

Er det ditt beste agn, så nektar eg å bite!

MEHISTOFELLES

De talar som ein klosterbror!  
Er dette første gong De gjev til beste  
eit vitnemål så svakt fundert?

De har da stått der ganske freidig og dosert,  
og med den aller største suffisance definert  
Guds vesen, sjela, denne verda og den neste,  
og klemt i veg med liv og glødt!  
Og om De nå skal vere ærleg:  
om desse tinga veit De ikkje særleg –  
ja, neppe meir enn om herr Schwerdtleins dødi!

FAUST

Du er og blir ein løgnar, ein sofisti!

MEHISTOFELLES

Vel, la oss heller seie realist!  
For alt i morgon står du der  
i tukte og ære, mens du sver  
at Gretchen er deg evig kjær!

FAUST

Ja, rett frå hjarta!

MEHISTOFELLES

Vel og bra!

Det der med truskap, det lyder preking,

og lidenskap som er over-allmektig –  
kjem det òg rett frå hjarta, da?

FAUST

Hald opp! Ja! Ja! – Min diupe lengsel,  
den eld som logar i mi sjel,  
som trenger gjennom alle strengsel  
og trivlar etter namm, utan å finne;  
alt det som sprenger på her inne  
og krev dei største ord eg kjende,  
eit evig, evig, utan ende –  
er alt eit djevelsk narrespel?

MEHISTOFELLES

Men eg har rett!

FAUST

Det har du visst!

Så kan du merke deg – og spar mi lunge –  
at den som berre har ei skarp nok tunge,  
får rett til sist.

Nå er eg lei av snakket; la oss gå!  
Du vinn, eg bøyer meg, for di eg må!

## Hage

*Margarete og Faust arm i arm, Martbe og Mefistofeles.  
Dei spaserer att og fram.*

MARGARETE

Eg merkar godt at herren skånar meg,  
av omsyn eller til forkleining.  
Ein ferdakar er god i seg  
og vil ta alt i beste meining.  
For slik ein verdensmann, det veit eg godt,  
må alt mitt prat fortone seg litt smått.

FAUST

Meir hugnad gjev eit blikk frå deg, eit ord,  
enn alle vise menn på jord.  
*Kysse banda bennar.*

MARGARETE

Nei, gjer Dykk ingen umak! Kysse meg på handa?  
Ei hand som er så grov, så ru!  
Å, slik som eg laut streve, år om annal!  
Ho mor er nøyen, kan De tru.

*Dei går forbi.*

MARTHE

Og De, min herre, er på farten størt?

MEFISTOFELLES

Akk ja, når plikt og arbeid driv oss til det!  
Med sorg forlet vi folk vi nyss har møtt,

får aldri bli, om enn vi vil det!

MARTHE

I raske år, da går det greit  
å slentre fri og frank igjennom verda.  
Men sidan kan ein bli i beit;  
å slepe seg som unngkar fram på siste ferda,  
det må da vere ganske leirt.

MEFISTOFELLES

Eg ser med gru mot denne kvide.

MARTHE

Og difor, værde herre, tenk i tidel!  
*Dei går forbi.*

MARGARETE

Ja, ut av auga, ut av sinn!  
Tenk, for ein høflig mann eg kjenner!  
De har nok mengdevis av venner  
med større kløkt enn her De finn.

FAUST

Å, kjærere, tru meg, den dei kallar klok, er tidd  
forfengeleg og overfladisk.

MARGARETE

Så?

FAUST

At aldri uskyldstreine sjeler kan forstå  
-seg sjølv, erkjenne heilag-verdet sirt!



Og at eit audmjukt sinn, den største gåve  
naturen deler ut med kjærleg hand –

MARGARETTE

Så tenk på meg ein augneblink iblant,  
eg skal nok tenke mest på Dykk, det kan eg love.

FAUST

De er ei einsam sjel?

MARGARETTE

Eg har jo mor, ho vil meg vel,  
men husarbeidet krev ein del.

Og vi har inga hjelp, så eg må feie, strikke  
og lage mat, ein dagleg tralt.

Ho mor skal ha det så på punkt og prikke  
i eitt og alt!

Nå treng ho ikkje snu på flisa, akkurat;  
vi sit meir romstleg i det enn dei fleste,  
med midlar etter far min, og det beste:  
eit hus her ute, og ein liten hageklatt.  
Det er nå helst eit roleg liv eg fører,  
ein bror som er soldat,  
ei søster ligg i grav.

Det barnet var det eg som måtte ta meg av,  
og enda bar eg om igjen dei same bører,  
så kjær var ho.

FAUST

Ein engel, om ho likna deg!

MARGARETTE

Eg stelte henne, ho vart glød i meg,  
men født da ikkje lenger far var hjå oss.

Vi trudde også mor gjekkt frå oss,  
så skrøpeleg som ho var blitt,  
men langt om lenge kom ho seg, litt etter litt.  
Da var det med den største møde  
mor gav det arming's krypet føde,  
og eg aleine laut stå i,  
med mjølk og varn: ho vart mi!  
Ho sprella, vaks seg stor og fin  
på fanget mitt, i armen min.

FAUST

Slik lykke ser eg som det reine under.

MARGARETTE

Men eg har òg hatt mange tunge stunder.  
Småjenta sov i voggja, tett  
ved meg: eg vakna straks ho rørte på seg,  
eg sov så lett.

Snart var ho tørst, snart fekk ho ligge hjå meg,  
men gret ho lenge, måtte eg stå opp,  
gå rundt og bysse på ein barnekropp.  
Og tidleg neste morgon var det opp  
til vask og torg, få gryta over elden,  
kvar enda dag, til langt på kvelden.

Da er ein ikkje alltid berre smil;  
men spør om maten smaker, og ein kvill!

*Dei går forbi.*

MARTHE

Vi arme kvinnfolk har det jammen hardt:  
ein peparsvein vil gjerne halde koken.

MEFISTOFELES

Vel, vel, De ser meg ut til litt av kvart,  
De kunne visst få meg på kroken!

MARTHE

Men ingen ting har De, min herre, funne?  
Har hjarta ennå aldri vore bunde?

MEFISTOFELES

Ei grepa kjerring, trygge kår,  
er gull og perler verdt, som skrive står.

MARTHE

Men kva med lysten? Har De ingen kjærast?

MEFISTOFELES

Dei tar imot meg ytrerst høfleg der eg ferdast.

MARTHE

Eg meiner: Vart det aldri alvor innerst inne?

MEFISTOFELES

Det tar seg ikkje ut å spøke med ei kvinne.

MARTHE

Akk, De forstår meg ikkje!

MEFISTOFELES

Det var synd og skam!  
Men eg forstår De vil meg vel, Madam.

*Dei går forbi.*

FAUST

Du kunne kjenne meg igjen i hagen,  
min vesle engel?

MARGARETE

Eg såg velk

- De merka ikkje det? - som første dagen.

FAUST

Og kan du tilgje at eg var så frekk?

Og alt du, strakkar, måtte tole

der du kom rett frå skriftemålet?

MARGARETE

Eg var litt skremt; slikt hender aldri meg,  
om min person har ingen tala skjending.

Kan han ha funne noko uansendig  
og simpelt i mi framferd, tenkte eg.

Han skulle fluksens la seg lokke  
og legge an på slik ei pyntedokke.

Eg vedgår at eg skjøna ingen ting

av det som byrja røre seg for Dykk her inne.

Men eg var sint på meg som gjekk omkring  
og tenkte på Dykk utan spor av sinne.

FAUST

Du kjære!

MARGARETE

Vent litt!

*Ho plukkar ein prestekrage og nappar blada av  
eit for eitt.*

FAUST

Er det ein bukett du bind?



MARGARETE

Det er ein leik.

FAUST

Ein leik?

MARGARETE

De ler av meg. Forsvinn!

*Hjo næppar blad og munnlar.*

FAUST

Kva seier du?

MARGARETE

*halbhøgt.*

Han elsker – elsker ikkje –

FAUST

Ei himmelsk openbaring!

MARGARETE

*beld fram.*

Elskar – elsker ikkje – elsker ikkje –

*Næppar siste bladet av, glederstrålende.*

Han elsker meg!

FAUST

Ja, barn! La dette blomsterord  
bli ditt frå gudars munn! Han elsker deg!

Forstår du kva det tyder? Elskar deg!

*Han grip begge bendene bennar.*

MARGARETE

Det rys i meg!

FAUST

Ver ikkje redd! La dette blikk,  
la dette handtrykk tale til deg,  
det ingen ord får sagt:

Å gje seg over heilt og fullt, og kjenne  
ei lykke som varer evig!

Evig? – Eg laut forville om det tok slutt.

Slutt? Nei, aldri! Nei, aldri!

*Margarete trykker bendene hans, riv seg laus og spring  
derifrå. Han blir ståande ein augneblink i djupe tankar,  
så følger han etter.*

MARTHE

*kjem gåande.*

Det går mot natt.

MEFISTOFEL'S

Og vi må reise bort.

MARTHE

Eg bad Dykk gjerne om å vere,  
men denne byen her er siste sort:

Det er som folk har null og niks å gjere,  
dei luskar innpå

og følgjer med i alt det grannen finn på.

Og same kva du gjer, går tatlet dagen lang.

Og kva med paret vårt?

MERISTOFELLES

Den vegen har dei flogge.

To sære sommarfuglar!

MARTHE

Han står alt i loge.

MERISTOFELLES

Ho òg. Det er nå eingong livets gang.

## Lysthus i hagen

*Margarete spring inn, gøymer seg bak døra,  
legg fingertuppen på lippene og kikkar gjennom  
dørsprekken.*

MARGARETE

Han kjemi!

FAUST

*kjemi.*

Din luring der du er!

Eg har deg! – *Han kysser henne.*

MARGARETE

*grip tak i han og gjev eit kyss tilbake.*

Aller beste mann! Eg har deg kjær!

MERISTOFELLES

*bankar på.*

FAUST

*trampar i golvet.*

Kven der?

MERISTOFELLES

Ein venn!

FAUST

Eit dyr!



MERISTOFFELES  
Det er vel best å vende.

MARTHE  
*kjenn.*  
Ja, det er seint, min herre.

FAUST  
Får eg følgje henne?

MARGARETE  
Å nei, da ville mor – Far vel!

FAUST  
Så eg må dra?  
Far vel!

MARTHE  
Adjø!

MARGARETE  
Kom snart tilbake, da!

*Faust og Meristoffeles wt.*

MARGARETE  
Du store min! Alt det ein mann  
har tenkt og tenkt! At det går an!  
Aldeles skamfull står eg der  
og seier Ja i hytt og vér.  
Eg kjenner meg så ynkeleg,  
kva kan den mannen sjå i meg? *Ut.*

## Skog og grotte

FAUST  
*alene.*

Å, høge ånd, du gav meg alt eg bad om,  
du gav meg alt. Og ikkje utan grunn  
let du ditt flammåsyn lyse mot meg.  
Naturens fagre kongerike gav du meg,  
og styrke til å famne den – med glød,  
men ikkje berre som ein undren gjest:  
du let meg skode inn i løynde rom,  
som om naturen var eit venneljarra.  
Du leier alt som lever, fram i rad,  
og lærer meg å kjenne mine søsken  
i stille busk og kratt, i luft og vatn.  
Når ville stormar brusar gjennom skog  
og får ei kjempeturu til å falle,  
som med eit kvin riv med seg andre tre,  
så bakken knakar av det dumpe fallet,  
da fører du meg til den trygge grotte.  
Mitt eige indre syner du meg der,  
og løynde, djupe under opnar seg.  
Den reine månen møter auga mitt  
og mildnar alt, og ut av klippvegg  
og opp av fuktig fornitids-bregneblad  
sviv sølvgrå skuggar fram og døyver lint  
den strenge lyst i det å berre *sjå.*

Det fullkomne blir ingen mann til del,  
eg veit det nå! Du gav meg denne sæle  
som let meg kome gudars rike nær,